



Plan- og næringsavdelinga

Landbruks- og matdepartementet
postmottak@lmd.dep.no

Dykkar ref.:

Vår ref.: 13/402-2/13/6193

Arkiv: N-640 Dato: 30. mai 2013

HØYRINGSSAK - FRAMLEGG TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD - UTTALE FRÅ 1216 SVEIO KOMMUNE, HORDALAND

Me viser til brevet dykkar datert 19. april 2013. Det hadde med framlegg til slik forskrift som er nemnt i overskrifta her og de gav høve til å gje uttale. Nedafor er stutt uttale frå Sveio kommune.

TILHØVA I SVEIO

I kommunen har me for det meste grasareal til slått og beite. Me har etter måten mykje overflatedyrka jord og innmarksbeite. Jorda er mykje oppdelt i mindre teigar. Me har mange typar jord. Mykje av jorda er våtlendt og treng drenering for å verta lettare å driva og for å få betre avlingar, men òg for å verta meir presentabelt jordbruks- og kulturlandskap. Siste åra har det vore gjort lite dreneringsarbeid i Sveio. Så trongen er stor. Når det først vert drenert, ser me at gardbrukarane ofte vurderar alternative løysingar til systematisk grøfing. "Å fylgja vatnet" og drenera med metode og på område som gjev størst kost-/nytteeffekt er blitt vanlegare. Nokre maskinentreprenørar har gått føre i bruk av nye metodar. Fylkesagronom Anders Hovde hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt fleire kurs i vårt område og har vore inspirator for å tenkja noko nytt med omsyn til drenering.

DRENERING GENERELT

Utfordringa ved å gjennomføra drenering av jordbruksareal er at kostnaden blir så høg at drenering sjeldan vil vera økonomisk lønsamt. Dette er eit paradoks sidan vel drenert jord er så viktig for å halda oppe avlingsnivået, for å skapa god økonomi i jordbruket, for å kunna auka matproduksjonen og for kunna ha eit velstelt kulturlandskap. Desse momenta er viktige å ha med når dreneringsforskrifta skal vurderast.

FORSKRIFTA

Med bakgrunn i det me har skrive over, meiner me det er særst positivt at ordninga er komen (På nytt). Forskrifta er etter det me kan sjå i det store og heile vel utforma. Me har likevel slike kommentarar og merknader:

- 1) Me meiner forskrifta i stor grad tek i vare omsynet til sikring av kvalitet i tiltaka forskrifta skal fremja, samstundes som kostnadene ved søknad og forvaltning vert haldne på eit akseptabelt nivå
- 2) Me legg til grunn at søknadsskjemaet vert utforma slik at det sikrar dei omsyna me nemner i punkt 1)
- 3) For at ordninga i større grad skal stimulera til dreneringsarbeid, meiner me satsane bør aukast noko. Me meiner det vil vera meir føremålstenleg og målretta å auka støtta noko i staden for å strø midlane tynt utover slik forskrifta legg opp.
- 4) I utmålinga av regionale og eventuelt lokale tilskotspottar bør òg i det minste overflatedyrka jord leggjast til grunn
- 5) Kulturminnelova § 9 sin svarfrist på tre månader er ei utfordring. I forskriftene om nydyrking og om landbruksvegar er uttalefristen sett til minst ein månad. Om det er lovleg i desse forskriftene, må det òg vera lovleg i forskrifta om drenering. Me rår til slik frist som i dei to andre forskriftene.

Lukke til med slutføringa av viktig arbeid!

Med helsing

Geir Ragnhildstveit
seniorrådgjevar